

Bakgrunn for foreldremøtepakken

Elsparkesykkel har vorte eit populært køyretøy trass i høg risiko, og dessverre aukar ulykkene blant barn 12 – 15 år.

Barn og unge har avgrensa erfaring med trafikk, samtidig som risikoen for ulykker aukar ved høg fart og ulovleg bruk. Difor ønskjer vi å gi skule og føresette eit felles grunnlag for å førebyggje ulykker og byggje gode haldningar blant unge trafikantar.

I del 1 har vi samla relevant informasjon om elsparkesykkel og barn i aldersgruppa 12 – 15 år. Her finn de informasjon om regelverk, risikoåtferd, ulykker, trimming, konsekvensar og forsikring. (6-10 minutt)

I del 2 finn de refleksjonsoppgåver for å skape felles forståing, forventningar og konkrete avtalar mellom føresette, elevar og skule. (set gjerne av 40-50 minutt)

Målet er å styrkje moglegheita føresette har til å lage trygge rammer for barna, individuelt og i fellesskap.

Statens vegvesen, politiet og Trygg Trafikk er svært uroa for at ulykkene blant unge på elsparkesykkel aukar

Barn og unge treng føresette som gir god opplæring, set tydelege grenser og følgjer opp teknisk stand og bruk.

I dette møtet får de informasjon om

- risiko for unge på elsparkesykkel
- regelverk for elsparkesykkel
- råd til føresette

Dette blir gjort no for å få ned ulykkestala

- aukar kontrollverksemda
- utgreier høgare aldersgrense
- kommunar kan forby køyring på fortau
- informasjonskampanjar
- **informasjon til foreldre og føresette**



Foto: Statens vegvesen og Politiet utfører kontroll i mai 2026. Trygg Trafikk er med på observasjon, Trygg Trafikk

Føresette har **hovudansvaret** for unge i trafikken. Saman må vi ta grep for å sikre trygg bruk av elsparkesykkel.



Dagbladet
Din Side
Snarveier

Advarer nordmenn:

- Alle disse har vi beslaglagt

Nå tar politiet grep for å få ned ulykkene med elsparkesykler. Litt av resultatet ser du her.

BESLAGLAGT: Manipulering av hastighetssperren på 20 km/t. er noe politiet nå har fokus på. Sykler som går fortene enn tillatt blir beslaglagt, som her på kontorene til politiet på Lillestrøm. Foto: Øst politidistrikt



NRK
Logg på

Østfold
Radio TV Tips oss!


Gutt (11) ble alvorlig skadet – topphastighet på 83 km/t

Politiet undersøker saken etter at en 11-åring ble funnet med hodeskader i Sarpsborg torsdag kveld. Gutten har det etter forholdene bra.

En ung gutt ble alvorlig skadet i det som fremstår som en ulykke med elsparkesykkel torsdag.

FOTO: INGRID M LANGVIK / NRK

Rune Fredriksen
Journalist



Frykter dødsulykker: – Spesielt bekymret for de unge

Etter en kraftig nedgang øker antallet elsparkesykkelulykker igjen. Nå advarer flere aktører om at utviklingen kan koste flere liv, og ber myndighetene endre lovverket.

VG
VG Live VGTV eAvis TV-guide Tips oss VG Sommersalg
ANNONSE
Kjøp VG+
Søk

Advarer foreldre: – Erstatningskrav kan bli på flere millioner

Fire av fem privateide elsparkesykler mangler den lovpålagte ansvarsforsikringen, ifølge Trafikksikringsforeningen. Nå slår forsikringsbransjen alarm og ber om strengere tiltak.

Sterk auke i talet på barn som skader seg på elsparkesykkel



Elsparkesykkel er eit **krevjande køyretøy** med

- rask akselerasjon
- små hjul
- høgt tyngdepunkt som gir dårleg balanse

...men mest avgjerande er **risikoåtferda** blant unge førarar

- manglande trafikkerfaring
- låg risikoforståing
- lite kunnskap om trafikkreglar
- mange regelbrot

Døme på risikoåtferd som barn gjer



Køyrer mot
køyreretninga



Køyrer to på éin



Dropper hjelmen



Trimmar / endrar
fartssperra



Bryt vikeplikta



Viser ikkje omsyn
til andre

Kva seier føresette vi har snakka med?

*"Hjelm brukar han sjølv sagt
ikkje. Eg får ikkje på han hjelm.
Det er ingen 14-åring som han
kjenner som har på seg hjelm på
elsparkesykkel."*

Sitat føresettt – Opinion 2026

"Eg har ein av kvar. Vi har ein som brukar hjelm, og så er det ein som gir fullstendig f... Bokstavleg talt. Han har trimma han, og han gjer som han vil."

Sitat føresett – Opinion 2026

Elsparkesykkel er ikkje eit leiketøy, men eit **køyretøy**

Når barn køyrer elsparkesykkel, må dei følgje **regelverket**:

- vegtrafikklova
- trafikkreglane
- forskrift for liten elektrisk motorvogn

Har du gått gjennom vegtrafikklova § 3 med barnet ditt?

*Einkvar skal ferdast **omsynsfullt** og vere **aktpågivande** og **varsam** så det ikkje kan oppstå fare eller valdast skade og slik at annan trafikk ikkje unødig blir hindra eller forstyrra.*

Vegfarande skal òg vise omsyn mot dei som bur eller oppheld seg ved vegen.

Vegtrafikklova § 3 Grunnregel for trafikk

Utvalde reglar som gjeld for elsparkesykkel:

- krav om fartssperre på 20 km/t
- påbode med hjelm for barn under 15 år
- lovpålagd ansvarsforsikring
- berre éin person er tillaten på køyretøyet
- forbode å bruke handhalden mobiltelefon
- maks 6 km/t når du passerer gåande på fortauet
- vikeplikt ved kryssing av veg
- 12 års aldersgrense



Foto: Statens vegvesen og Politiet utfører kontroll i mai 2026. Trygg Trafikk er med på observasjon, Trygg Trafikk

Brot på reglane kan føre til straff, bøter og erstatningskrav

Døme på reaksjonar ved regelbrot

Barn under 15 år

- risikerer inndraging av elsparkesykkelen
- føresette kan få erstatningskrav

Barn 15 år og eldre

- kan få gebyr/forenkla førelegg
- kan miste eller få utsetjing på førarkortet
- risikerer inndraging av elsparkesykkel
- føresette kan få erstatningskrav

Moglege bøter / gebyr

- fleire enn éin på: 3 000 kr
- bruk av handhalden mobiltelefon: 10 750 kr
- køyring i ruspåverka tilstand: mellom 7 350 og 25 000 kr
- brot på vikeplikt: 10 750 kr

Foto: Politiet inndreg fleire elsparkesyklar som ikkje er forskriftsmessige, Politiet

Foreldre til barn under 18 er mottakar av eventuelle erstatningskrav.

Døme:

- Gut (13) køyrde ut i gangfelt og kolliderte med bil som kom frå venstre. Krav på 225 000 kr sendt til føresette.
- Jente (13) køyrde ut i gangfelt og kolliderte med bil som kom frå venstre. Krav på 48 000 kr sendt til føresette.
- Gut (16) køyrde på syklist på gang- og sykkelveg. Krav på 5 000 kr sendt til føresette.



Som føresette har de ansvaret for å vurdere barnet sin **mognad**. Barnet må ha

- kunnskap om trafikktryggleik og trafikkreglar
- eit køyretøy som er forskriftsmessig og forsikra
- og tydelege krav til omsynsfull åtferd og bruk av hjelm

5 råd om kva de kan gjere for å sikre **trygg bruk** av elsparkesykkel.

Snakk med barna om trygg bruk av elsparkesykkel og trafikkreglane.

Inngå avtale med krav og konsekvensar for bruk av elsparkesykkel.

Test elsparkesykkelen sjølv og sikre at han er i forskriftsmessig stand.

Ver særleg merksam på trimming, dekk, bremsar, stabilitet og skadar på batteriet.

**Sørg for at barnet har
sykkelhjelm og at han blir brukt.**

Inngå avtale med krav om
hjelmbruk og konsekvensar
dersom han ikkje blir brukt.

Skaff forsikring.

For barn under 18 er det
føresette som må forsikre
køyetøyet.

Skap eit positivt gruppepress!

Snakk med andre føresette for å lage trygge rammer for barna.

Vi har samla verktøy, regelverk og fleire ressursar på tryggtrafikk.no

Kjøleskapsavtale for bruk av elsparkesykkel



Trimmesjekken 3 måtar å sjekke manipulering på



Foto: David Engmo, Adresseavisen

Sånn kontrollerer du for trimming



www.tryggtrafikk.no/tips/elsparkesykkel/til-foreldre-og-foresatte/

Vi ønskjer å få tilbakemelding frå dykk!

Vi i Statens vegvesen, politiet
og Trygg Trafikk ønskjer å vite
om dette møtet var nyttig.



forms.cloud.microsoft/e/JbKxcBc4af

Dialogkafé om elsparkesykkel

Hensikta med dialogkaféen er å skape ein felles arena for å diskutere barn og unge i trafikken og trygge rammer for bruk av elsparkesykkel.

Slik går ein dialogkafé føre seg

Bordsetning: Deltakarane sit i små grupper (4–6 personar) rundt ulike bord som har kvart sitt tema eller spørsmål.

Bordvert: Kvart bord har ein fast vert som tek imot nye deltakarar, ønskjer velkommen og oppsummerer kort kva som blei diskutert i førre runde.

Rotasjon: Etter 4–10 minutt flyttar deltakarane (bortsett frå verten) seg til nye bord for å diskutere eit nytt spørsmål eller byggje vidare på det førre.

Notat: Borda har gjerne dukar av papir eller store ark der deltakarane kan skrive stikkord, teikne og kople idear undervegs.

Felles oppsummering: Til slutt samlast alle i plenum for å løfte fram hovudfunn, kollektiv innsikt og vegen vidare. Dette kan brukast som utgangspunkt/grunnlag for foreldreavtale.

Kan barnet ditt følge reglane i trafikken?

Barnet ditt byrjar å bruke elsparkesykkel åleine til trening og vener.

Drøft:

- *Korleis kan du som føresett vite at barnet faktisk forstår og kan følge reglane i trafikken?*
- *Kva reglar meiner de er viktigast at barnet kan?*
- *Er det realistisk å forvente at 12–15-åringar kan køyre trygt og følge regelverket?*

Notat

Når er barnet modent nok?

Aldersgrensa for å køyre elsparkesykkel er 12 år, men er alle 12-åringar modne nok til å køyre trygt og forsvarleg?

Drøft:

- *Kva ferdigheiter meiner de at eit barn bør ha før det får bruke elsparkesykkel på eiga hand?*
- *Korleis vurdere barns merksemd, impulskontroll og risikoforståing?*
- *Barnet ditt er ikkje modent nok til å køyre elsparkesykkel – kva gjer du?*
- *Kva trafikksituasjonar er mest utfordrande i barnet sitt nærområde?*

Notat

Når «alle andre» gjer det?

Barnet ditt fortel at mange vener:

- *køyrer to på same elsparkesykkel*
- *køyrer for fort (trimma køyretøy)*
- *køyrer utan hjelm*

Korleis vil du snakke med barnet ditt om dette?

Drøft:

- *Kva argument verkar best på barn og ungdom?*
- *Korleis kan vi hjelpe barna å stå imot gruppepress?*
- *Korleis reagerer vi dersom vi ser eigne eller andre sine barn ta risiko?*

Notat

Hjelmbruk, kvifor er det så vanskeleg?

Barn i aldersgruppa 12–17 år er dei dårlegaste til å bruke hjelm.

Drøft:

- *Kvifor trur de mange barn droppar hjelm?*
- *Korleis kan vi påverke barna til å bruke hjelm? (belønning/straff/positivt gruppepress)*
- *Korleis kan vi gjere hjelmbruk sosialt akseptabelt?*
- *Kva betydning har vi vaksne som rollemodellar?*

Notat

Er elsparkesykkelen lovleg?

Barnet ønskjer å kjøpe ein ny og topp moderne elsparkesykkel på nettet. Korleis kan de vite om han er lovleg å bruke?

Drøft:

- *Kven har ansvar for å sjekke at han er lovleg?*
- *Kva kan skje dersom barnet brukar ein ulovleg elsparkesykkel?*
- *Korleis kan vi lære barna å vere kritiske til det som blir marknadsført på nettet?*
- *Barn har ikkje lov til å teikne forsikring på elsparkesykkel – bør dei då få velje køyretøy sjølve?*

Notat

Kan de bli enige om ein felles avtale?

Til dømes:

- Når og kvar det er greitt å bruke elsparkesykkel?
- Krav til hjelmbruk
- Reglar for fart og samspel med andre trafikantar
- Haldning til trimming og ulovlege køyretøy
- Korleis vaksne følgjer opp og set grenser
- Kva de gjer dersom de ser at reglar blir brotne?



Vi ønsker å få tilbakemelding fra dykk!

Vi i Statens vegvesen, politiet
og Trygg Trafikk ønsker å vite
om dette møtet var nyttig.



forms.cloud.microsoft/e/JbKxcBc4af